



Koret på utanlandstur nummer 2 - i Valmiera i Latvia.

Det Uskedalen-baserte koret Røyserrett for alle er no inne i nedtellinga for sin utanlandstur nummer 4., som det skal avvikla over 4 dagar frå 30. april til 3. mai. No går turen til Nederland. Tidlegare har dei vore i Skottland, Latvia og Italia. Ein grunn til valet av land denne gongen er at det populære koret dei siste 4 åra har hatt ein nederlander som engasjert medlem - Elisabeth Croles - og ho står naturleg nok sentralt i turen.

Imidlertid skal Terje Tjelle vera reiseleiar frå Noreg og Jeannet Appello lokalt i Amsterdam og Rotterdam.No er programmet klart - til og med menyane! Koret skal gje 2 konsertar under turen - den eine i den norske sjømannskyrkja i Rotterdam.

Dei 35 reisedeltakarane drar frå Bergen i morgentimane torsdag 30. april og programmet i Nederland startar med ein stutt sightseeingrunde i Amsterdam medan resten av dagen står til eigen disposisjon. Om kvelden er det velkomstmiddag på ein kjend restaurant.

Fredagen opnar med ein gåande sightseeing i byens sentrum og den går fram til den engelske kyrkja der koret skal øve foran en timelang konsert, Resten av dagen disponerer kornedlemmene på eigenhand. Om ettermiddag er det lagt inn båtsightseeing på kanalane og kvelden vert disponert til middag på ein av landets eldste restaurantar - De Silveren Spiegel.

Laurdag går turen til Rotterdam og startar med guidet tur rundt i sentrum før lunsj. Så er det øving i Sjømannskyrkja før konserten som koret skal gje klokka 16. Etter den går turen tilbake til Amsterdam med tog og avslutningsmiddag. Siste dag går turen heim.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Lyddoptak i øvingslokalet Helgheim, som er hovedkvarter for koret